

Årsmelding 2018



SOGN REGIONRÅD

Innhald

1 Sogn regionråd	3
1.1 Møte og deltaking.....	3
1.2 Arbeidsgrupper	3
1.3 Rekneskap – økonomiske resultat	3
2 Aktivitetar i 2018	4
2.1 Næringsutvikling	4
2.1.1 Regionale møteplassar.....	4
2.1.2 Reiseliv.....	4
2.1.3 Fredningsområde for hummar	4
2.2 Attraktiv buregion.....	5
2.2.1 Bustadutvikling	5
2.2.2 Karrieremesser.....	5
2.2.3 Integrering av innvandrarar.....	5
2.3 Kompetanse.....	5
2.3.1 Regionalt barnehage- og skulesamarbeid	5
2.3.2 Fleire lærepllassar i Sogn.....	9
2.4 Samferdsle	9
2.5 Helse	10
2.5.1 Samarbeid om kommunepsykologar	10
2.5.2 Samhandling med Helse Førde	10
2.6 IKT	11
2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd	11
2.6.2 Samarbeid i fylket.....	11
2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)	11
2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd.....	13
2.7.1 Rådmannsgruppa	13
2.7.2 Regionale nettverk.....	13
2.8 Orienteringar og gjesteforedrag	14
2.9 Rapportar	14
2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd	15
3 Rekneskap.....	16
3.1 Rekneskapoversikt	16
3.2 Bruk av fond	17

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Medlemskommunane er Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing var slik:

Lærdal kommune, Jan Geir Solheim (leiar)
Aurland kommune, Noralv Distad
Balestrand kommune, Harald N. Offerdal
Høyanger kommune, Petter Sortland
Leikanger kommune, Jon Håkon Odd
Luster kommune, Ivar Kvalen
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Vik kommune, Olav Turvoll
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

Sogn regionråd hadde 6 møte:

13. februar, Bergen
3. mai, Balestrand
15. juni, Vik
14. september, Leikanger
26. oktober, Sogndal
7. desember, Lærdal

Rådet handsama 33 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynne. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Helsegruppa (5 møte og 1 telefonmøte)
- Næringsgruppa (1 møte)
- Samferdslegruppa (1 møte)

Eitt av møta hadde helsegruppa med Helse Førde.

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2018 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 9 200 550. Av dette utgjer eksterne midlar kr 3 682 923 og refusjon frå kommunane kr 5 096 323, inkludert kr 3 448 000 i kontigentmidlar.

Det er brukt kr 1 079 085 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 1 435 757 er avsett til fond. Positivt netto driftsresultat er kr 356 672.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer kr 106 495, og er avsett til fondsmidlar kontigent. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 613 604.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2018

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2017-2020". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har fire satsingsområde: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Handlingsplanen blir rullert årleg.

Næringsgruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjar nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling. Punkt 2.8 viser oversikt over orienteringar og gjesteforedrag i regionrådsmøta.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Næringsjefane i dei ni kommunane har møte om lag fire gonger i året for samhandling kommunane imellom og møter næringsliv og forskings- og utdanningsmiljø.

2.1.2 Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet løvvde kr 250 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn. Til sykkelprosjektet Sognefjord Bike & Hike løvvde rådet kr 150 000 til forprosjektet.

Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag har vore drøfta i regionrådet, og rådet slutta seg til at Visit Sognefjord utgreier moglege løysingar for reisemålsbidrag som del av masterplan for reiselivssatsinga i Sogn. Utgreiinga vil innehalde utfordringar, modellar, og forslag til reisemålsbidrag.

2.1.3 Fredningsområde for hummar

16 fredningsområde vart etablert langs Sognefjorden frå 1. oktober. Lustrafjorden, Aurlandsfjorden, mesteparten av Sogndalsfjorden og Barsnesfjorden er stengt for hummarfiske. I tillegg har mindre område langs Sognefjorden i kommunane Lærdal, Leikanger, Vik, Balestrand og Høyanger forbod mot garn, ruser og teiner.

Hummar er ein truga bestand. Erfaringane frå andre område er at fredning har god effekt og bestanden har auka i område der hummaren har vore freda. Foreininga Sognefjorden Vel tok initiativ til arbeidet

og utarbeidde forslag til fredningssoner som kommunane i Sogn regionråd handsama om våren. Sogn regionråd koordinerte arbeidet som munna ut i at Fiskeridirektoratet fastsette forskrift for fredningsområda. Fredninga gjeld i 10 år.

2.2 Attraktiv buregion

2.2.1 Bustadutvikling

Kommunane samarbeider om bustadutvikling i Sogn og ønskjer å bruke bustadtildobet som tiltak for tilflytting og trekka til seg fleire innbyggjarar. Bustadgruppa med planleggjarar vart etablert i 2017 og arbeider for å gjennomføra vedteken bustadstrategi for Sogn. Nettverket deler erfaringar og kunnskap, og har tematiske møte i høve planutfordringar og korleis løyse dei. Sogn regionråd har sett av regionale utviklingsmidlar i prosjektperioden som går over tre år (2017-2019). Prosjektleiar er Arne Kringlen frå Norconsult. Bustadgruppa møtte regionrådet 15. juni og orienterte om arbeidet. Rådet gav nettverket i oppgåve å drøfta vidareføring av arbeidet etter prosjektperioden.

2.2.2 Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Karrieremessene som Framtidsfylket arrangerer gir oss høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakrar og næringsliv.

Sogn regionråd løvde kr 60 000 i tilskot til Framtidsfylket sine messer i Trondheim og Bergen. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene og stiller med regionstand. Rådet dekker utgiftene til regionstand og til felles brosjyre- og profileringsmateriell.

2.2.3 Integrering av innvandrarar

Rådet sette av midlar til arbeidet for god integrering av flyktingar og innvandrarar og det vart etablert ei arbeidsgruppa for å planlegga og få eit godt innhald til arbeidsseminaret året etter. Sogn skal bli betre på å nytte innvandrarar som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og sivilsamfunn og vi skal arbeida meir heilskapleg. Distriktsenteret bidreg med kunnskap og erfaringar. Arbeidet legg grunnlaget for å stake ut kurset vidare.

2.3 Kompetanse

2.3.1 Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

"System for styrka læring" er kommunane i Sogn regionråd sitt regionale utviklingsprogram 2013-2021. Målet er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde:
1. Lærande organisasjon/fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk helse og emosjonell kompetanse
4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ungdomstrinn i utvikling.
Sogn regionråd har programleiar tilsett i full stilling.

Fagnettverk

Vi har 8 nettverk for barnehagane i regionen, 7 av dei svarer til fagområda i rammeplanen for barnehagen. I tillegg er det eitt styrarnettverk. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart som er med på å sikre det faglege innhaldet i arbeidet. 8. oktober var det felles føredrag om temaet *Mobbing og*

begynnande mobbeåtfred i barnehagen ved Ingrid Midteide Løkken frå læringsmiljøsenteret og eit innlegg om temaet *barndommen varer livet ut* ved Frode Schanke Eikum frå Bufetat.

For skulane har vi 21 fagnettverk. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbytte. Felles fagnettverk for skulane var 15. august. Tradisjonelt er den todelt; halv dag med fagnettverksarbeid og halv dag med fagleg foredrag. I år var det Tove Flack frå Læringsmiljøsenteret som snakka om *Inkluderande skulemiljø*.

Det er etablert ei felles fagnettverksside (fagnettverkisogn.no) for både barnehagane og skulane, for å leggja ut informasjon, dela erfaringar og dokument. Her ligg også årshjulet som viser regionale og fylkesdekkande møte og samlingar.

Kvar vår har vi evaluerings- og planleggingsmøte for barnehage- og skulenettverka. Deltakarar er nettverksansvarlege, styrarar /rektorar, representantar frå PPT-kontora og høgskulen.

Midtvegsevalueringa «Å bygge bedre bruer mellom øylene vi sitter på...»

Rådet sette av midlar til evaluering av utviklingsprogrammet og NTNU Institutt for leiarutdanning fekk oppdraget etter ein anbodsrunde. Rapporten «Å bygge betre bruer mellom øylene vi sitter på...» presenterer resultata og peiker på vegen vidare i det regionale samarbeidet. Hovudfunn, utfordringar og tilrådingar vart presentert av Trond Buland for kommunane og samarbeidspartar 6. juni.

Evalueringa får fram utfordringar og vilkår for suksess i utviklingsarbeidet. Konklusjonen i rapporten er at «System for styrka læring» er på rett veg til å nå hovudmålet i programmet som er auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning. Både barnehagar og skular er heilt klart på veg mot å realisera ambisjonen om å bli lærande organisasjonar, og dermed medverka til auka kvalitet på arbeidet innanfor heile oppvekstsektoren. Det er noko forskjellar i graden måloppnåing så langt. Det er behov for justering av kurSEN, men ikkje radikale nye grep i programmet.

Dialogkonferanse, felles leiarsamling

75 leiarar innan oppvekst, Høgskulen og PPT deltok på felles leiarsamling for regionen 24.-25.september i Bergen. Overordna tema for samlinga var *Inkludering og utvikling*. Første dag var felles, her var Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen frå Læringsmiljøsenteret og snakka om temaet endringsleiing. Dag to vart delt inn i to grupper: barnehage og skule. Barnehagegruppa fekk besøk frå Fjell kommune der Marianne Gjerstad og Guttorm Helgøy snakka om *Landsbyen mot mobbing*. Skulegruppa fekk besøk av Sofie Berg Hurlen, der tema var fagfornyinga.



Dialogkonferanse september 2018

Entreprenørskap

Entreprenørskap handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten.

Entreprenøriell verktøykasse: Prosjektet entreprenøriell verktøykasse viser korleis vi kan nå måla i læreplanen med entreprenørskap som metode. Prosjektet enda opp med eitt sett av verktøy, døme, idear og arbeidsmåtar som andre skular kan nytte i arbeidet. Prosjekteigar er Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Rådet og fylkeskommunen løyvde midlar til prosjektet som starta i 2016 og varte til mars 2018. Feios skule besøker og deler sine erfaringar med andre skular i regionen.

Entreprenørskapsmessa i Balestrand 3. mai samla over 600 ungdomsskuleelevar frå dei ni kommunane. Elevane frå 8. klasse fekk sjå, vurdera og læra av elevane i 9. klasse. 30 elevbedrifter hadde kvalifisert seg til den regionale finalen. I tillegg til besøk hos lokale verksemder, fekk alle elevane føredrag i plenum frå tre lokale gründerar. Messa er viktig møtepunkt for elevane som byggjer lokal og regional identitet. Verkskommune går på omgang og messa blir arrangert i eit samarbeid mellom verkskommunen, stiftinga Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og Sogn regionråd.



Elevbedrifta «Iplast» ved Feios skule vann i kategorien Beste klima og miljø. Foto: Simon Kleive.

Psykisk helse

Regional plan for god psykisk helse: Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen. Planen inneheld felles regionale tiltak. Kommunane er bedne om å konkretisera og forplikta innsatsen med å styrka barn og unge si psykiske helse. Kvar kommune utarbeider tiltak som vedlegg til den regionale planen.

Alle tilsette i barnehagar får tilbod om 10 timer basisopplæring innan fem område: 1) Haldningar og bakgrunnskunnskap, 2) kva som fremjar psykisk helse, 3) kjensler – å forstå dei og handtere dei, 4) risikofaktorar i barnehage og skule og 5) om å handtera teikn på vanskar. Opplæringa blir i første omgang gitt til tilsette i barnehagane i regionen.

Psykolog: Psykolog i folkehelsearbeidet rettleiar og underviser personale i barnehage spesielt gjennom basisopplæring, jf modulane i regionalplanen for god psykisk helse. Stillinga er eit samarbeid mellom kommunane i Sogn regionråd og Høgskulen på Vestlandet og vert i hovudsak finansiert av eksterne midlar. Stillinga har vore ledig sidan september.



Fagdag om psykisk helse 9. mars. Psykologane Tommy Sotkajærví og Magnus Lia foran dei 100 deltakarane.

KLAPP – forskings- og utviklingsprosjekt: Høgskulen på Vestlandet og Sogn regionråd samarbeider om KLAPP (Kompetanse i Lærarane sitt arbeid for positiv psykisk helse i læringsmiljø). To lærarar i regionen var skuleåret 2017-2018 fristilt i 10% stilling kvar for å halde kurs for heile personalet. Skulane som var med i KLAPP var Gaupne, Kaupanger, Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS): Sognregionen vidareførte satsinga på læringsmiljøprosjektet, pulje 2. Satsinga er forankra i regjeringa sin politikk mot mobbing og går over to år. Tema er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. To ressurspersonar i kvar 40 % stilling vart tilsett før årsskiftet og rettleiar skuleeigarar, skuleleiarar og einingar.

Ressurspersonane er tungt inne i dei felles fagdagane i regionen: Fagdag psykisk helse i mars (100 deltakarar), planleggingsdag for skulane i august (400 deltakarar), barnehagedag i oktober (400 deltakarar), leiarsamling september (75 deltakarar) og i november fagdag frå spesialundervisning til tilpassa opplæring (i tett samarbeid med PPT), med temaet *handtering av mobbing og tiltak på individ, klasse og skulenivå* som samla over 90 deltakarar.

Pilotprosjekt, IBOS i samarbeid med Høgskulen: Astrid Øydví og Solrun Samnøy frå HVL jobbar tett inn mot skulane: Leikanger ungdomsskule, Hafslø skule, Kaupanger skule og Flatbygdi skule har eit arbeidslag som skal jobbe saman om IBOS for å sjå korleis ein kan jobbe praktisk med teorien som er formidla. På Kaupanger er det spesielt arbeidet med BTI-prosjektet (Betre tverrfagleg innsats, pilot på dette i Sogndal) der også barnehage inngår.

Formidling og kommunikasjon

For å bli stadig betre må vi lære av andre, samstundes somvi formidlar kva vi held på med sjølve. Det er ei interesse for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn. Vi har tett dialog med Høgskulen om IBOS og drøftar

korleis ein felles kan jobbe med desentralisert kompetanseutvikling. Høgskulen deltek i fagnettverk for barnehage. Målet er å få faglærarar frå Høgskulen med i skulen sine fagnettverk.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Programleiar i System for styrka læring har delteke både i prosjektgruppa og i skulegruppa for Vitensenteret.

2.3.2 Fleire læreplassar i Sogn

Sogn regionråd har partnarskapsavtale om fleire læreplassar i Sogn med NHO Vestland, LO Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Formålet med å arbeida gjennom partnarskapen er å samordna innsatsen slik at vi får styrka tilbodet og at vi får fleire læreplassar i Sogn. I partnarskapsmøte 3. mai vart samarbeidsområda og viktige prioriteringar drøfta. Avtalen varte ut 2018 og arbeidet med forlenga avtale starta om hausten.

2.4 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde. Vi har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakarar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Ved å stå samla om tiltaka vil regionen ha større gjennomslagskraft for å få realisert dei.

Samferdsleplanen for Sogn regionråd gjeld for 2016-2018. Handlingsplanen blir rullert årleg. Samferdsletiltak innan det statlege transportansvaret og fylkesvegnettet er:

1) Fylkesveg 55

Sogn regionråd prioriterer utbetring av fv 55 og strekninga Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand og Tronvik-Ulvåna. Rådet var samla om prioritieringsliste over rassikringstiltak i regional transportplan 2018-2027.

2) Aust-vestsamband

Rv 52 over Hemsedalsfjellet er vedteke som hovudveg for næringstransport/tungbiltrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Sogn regionråd støttar interessefellesskapet sitt arbeid med å få ein KVU for Skei-Håbakken.

3) Flyrutetilbodet

Sogn regionråd arbeider for betre rutetilbod og gav innspel om nattstasjonert fly og fleire direkteruter til anbodsgrunnlaget. Kommunane i regionen, fylkeskommunen og næringslivet har vore med på spleiselag for å finansiera hangar.

4) Vikafjellstunnel

Utgreiing for kostnadsregulerande tiltak er vedteke i NTP. Regionrådet vil følgje utgreiinga som Statens vegvesen byrja på i 2018.

5) Sognebåt

Sogn regionråd arbeidde ilag med Visit Sognefjord og næringa i regionen for å få utvida sommarrute og flytta endestogg frå Sogndal til Flåm. Utvida sommarrute med to månader (april og oktober) vart iverksett frå 2018 og næringa finansierer utvida sommarrute. Fylkeskommunen vedtok å ikkje flytta endestogg til Flåm.

6) Rassikring

Samferdslegruppa møtte nasjonal rassikringsgruppe og fekk orientering om arbeidet.

2.5 Helse

2.5.1 Samarbeid om kommunepsykologar

Helse Førde tok initiativ til eit samarbeid om kommunepsykologar. Det kjem lovendring frå 2020 med krav om psykologkompetanse i kommunane. På hausten vart det etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og Helse Førde for å drøfta og utgreie aktuelle samarbeidsmodellar. Ekstern ressurs vart leigd inn til utgreiingsarbeidet. Arbeidet held fram i 2019.

2.5.2 Samhandling med Helse Førde

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

1) MR-maskin ved Lærdal sjukehus

Eit spleislag frå kommunane, næringsliv og privatpersonar sørga for finansieringa av MR- maskina i 2016. Helsegruppa var i kontakt med Helse Førde for å få etablert tilbodet. Regionrådet oppmoda styret om å prioritera utbygginga for å gje plass til MR og unngå ytterlegare forseinkingar. Utbygginga vart ferdigstilt om hausten og MR vart teken i bruk. På opningsdagen 7. desember var dei ni ordførarane til stades.



Sogn regionråd på opninga av MR-maskina ved Lærdal sjukehus

2) Risiko- og sårbarheitsanalyse innan akuttmedisin

ROS-analysen vart utarbeidd med bakgrunn i Helse Førde sitt planarbeid for prehospitale tenester som omfattar organiseringa av ambulansetenesta i Sogn og Fjordane. Den regionale analysen kartlegg ressurssituasjonen og vurderer akuttberedskap, legevaktteneste og ambulansetenesta i kommunane. Rapporten vart sluttført februar 2018.

3) Ultralydutstyr

Helsegruppa i Sogn regionråd gav innspel til Helse Førde om behovet for ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus og har arbeidd for å få tilbodet på plass. I dialogen med Helse Førde kom det fram at dei er positiv til å drifta

etablering av tenesta, men at andre investeringar ville bli prioriterte. Sogn regionråd tilrådde kommunane å finansiera utstyret, og saka vart oversendt kommunane for handsaming.

4) Audiografteneste i spesialisthelsetenesta

Sogn regionråd gav innspel til Helse Førde om behov for ei betre audiografteneste ved Lærdal sjukehus. Helse Førde vurderte tenesta som del av utviklingsprosjektet Nye Lærdal sjukehus. Det vart tilsett audiograf som byrja i oktober to dagar i veka.

5) Pasientstraumanalysen

Sogn regionråd gav innspel til Helse Førde om at Lærdal sjukehus må samordna tenestene godt, ha breidde i tenester som treff behova i regionen og ha god samhandling mellom sjukehus og kommunane.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Kommunenett

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester. Det er ein delavtale om kommunenett. Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar. Sogn regionråd har avtale med Sogn brann og redning om kommunenett.

GIS-løysing

Kommunane i Sogn regionråd har avtale med Norkart om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa følgjer opp felles avtalar og er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og rapporterer til rådmannsgruppa. Det var to møte i 2018. Leiar var Eva L. Løvdahl, Årdal kommune.

2.6.2 Samarbeid i fylket

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum var Geir Svendsen, Vik kommune, fram til Knut Navarsete, Sogndal kommune, overtok på slutten av året.

IT-forum Oppvekst og Utdanning

Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.

Koordineringsrådet

Arne Johansen er Sogn regionråd sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

Adresseprosjektet

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og held fram. Status er:

- Vik kommune er ferdig med adressetildeling og skilting av gatene
- Lærdal kommune har tildelt adressa og har utarbeid skiltplassplan og skal starte arbeid med skilting i 2019.
- Kommunane Sogndal, Luster, Årdal og Aurland jobbar aktivt med adressering.
- Skilting av vegane med adressenamnskilt held fram
- Tal vegadresser i Sogn og Fjordane 78 prosent og for kommunane i Sogn: Aurland (71%), Balestrand (98%), Høyanger (88%), Leikanger (99%), Luster (93%), Lærdal (94%), Sogndal (78%), Vik (94%) og Årdal (82%).

Kompetanseheving

Det er gjennomført intern opplæring for 25 sakshandsamarar og nye medarbeidarar i kommunane for bruk av GIS-verktøy.

GIS- og KomTek-programvare

Drift av GIS- og KomTek-løysing og all kartdata er flytta frå fylkeskommunen til nytt driftssenter hos Norkart AS i oktober 2017. Arbeidet for å få stabilt driftsmiljø heldt fram i 2018.

Avtaler

Det er inngått avtale om drift av GIS og Komtek mellom kommunane og Norkart. Sogn regionråd har inngått avtale med SIMAS om GIS-tjenester og drift av GIS-løysing.

Kartdata i Sognregionen

- Samanslåing av kommunane inneber konsekvensar for ein rekke datasett og løysingar, og arbeidet er starta opp.
- Arbeidet med omadressering av like gatenamn i Balestrand Leikanger og Sogndal er starta opp.
- Det er installert ny webportal som gir utvida funksjonalitet for sakshandsamarar og fungerer på mobil.
- Det er oppretta nye webklientar:
 - o Brannkart for Sogn brann og redning med tilgang til data frå 5 kommunane
 - o Skog i Sogn-kart med tilgang til åtte kommunar
 - o Friluftslivområde i Vik kommune
 - o Kjerneområde Landbruk i Vik kommune
 - o Prosjekt med digitalisering av utvalde reguleringsplanar er vellukka i kommunane Luster, Lærdal, Vik og Årdal.
 - o Kommunane Luster, Sogndal og Vik fekk etablert kartbaser med planar på høyring
 - o Det er starta prosess med kartlegging av friluftslivsområde hos alle kommunane
 - o Sentrallagring av FKB (felles kartbasane) med dagleg QMS-oppdateringer hos Kartverket fungere, og gir alltid tilgang oppdaterte kart.

Samarbeid

Representantar frå regionen har delteke på Plan- og temadatautvalet (PTU) Sogn og Fjordane, FGU-møte for Hordaland og Sogn og Fjordane i Bergen, FDV- årsmøte for Indre Sogn på Skei, GeoForum, Geovekstprosjektet, Norgedigital, lokale plan- og kartdagar i Loen og GISLINE Brukermøte i Oslo, seminar «Digitalisering av byggesaksbehandlinga» i Førde. GIS- analyser i Oslo.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2018 var Jarle Skartun, rådmann i Luster kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore: Arbeidsgjevarkontroll, samarbeid om kommunepsykologar, Vitensenteret Sogn og Fjordane, skog i Sogn, ultralydtilbodet ved Lærdal sjukehus, IKT, innkjøp, legevaktpilot, NAV Vestland, næringsvenleg region og frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Kulturnettverket vart avvikla i 2018. Dei andre nettverka har hatt følgjande aktivitet:

Barnehage- og skuleregion Sogn

Deltakrarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Ressurspersonar IBOS og programleiarar for System for styrka læring deltek på møta, i tillegg er KS og PPT inviterte med på saker som er relevante for dei å ta del i. Det har vore åtte møte. Tema har vore inkluderande barnehage- og skulemiljø, ny rammeplan for barnehagane, søknadar på kompetansemidlar for både barnehage og skule, korleis dei ulike kommunane føl opp nasjonale satsingar, regional plan for god psykisk helse, lærande nettverk i fylket og region, samt ulike tverrretatelege samarbeidsarenaer som t.d. frå spesialundervisning til tilpassa opplæring i samarbeid med PPT. Knut Åge Teigen, Luster kommune, har vore leiar i gruppa i 2018, første del som vara for Bjarnhild Samland Vik, sidan fast frå august 2018. Leiaren deltek også i Skule- og barnehageutvalet og forum for skule- og barnehageutvikling i Sogn og Fjordane.

Helse- og omsorgsnettverk

Deltakrarar er helse- og omsorgsleiarar. Helen Koldal, kommunalsjef i Årdal har vore leiar. Nettverket var referansegruppe for samarbeid om kommunepsykologar. Leiaren deltek i forum for helse, omsorg og folkehelse.

HR-/personalnettverk

Deltakrarar i nettverket er personalsjefar/-medarbeidarar frå kommunane. Det er halde to møte. Tema har vore lønsoppgjeret inkl. lønspolitikk, seniorpolitikk, digitalisering av ulike arbeidsprosessar, prosess på kommunesamanslåing i Sogn, GDPR, traineestillingar og kvalitetssystem. Folkeuniversitetet deltok på eine samling for å informere om ulike kurs og opplæringstilbod, inkl «Lustermodellen». Utover desse fellesmøta har nokre av kommunane delteke i planlegging av karrieremessa i regi av Framtidsfylket.

Utanom møta fungerer nettverket som eit fagleg nettverk der spørsmål om arbeidsrett, organisasjon, løn og elles spørsmål knytt til den daglege drifta vert delt mellom kommunane. Dette er ei effektiv form for deling av kunnskap og erfaring, og styrkar både organisasjonane og den enkelte medarbeidar. Personalsjef Arnvid Hovland frå Høyanger kommune, leia nettverket.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakrarar er næringsansvarlege i kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Nettverket hadde tre møte. Tema var mellom anna masterplan for reiselivssatsinga i Sogn, sykkelprosjektet Sognefjord Bike & Hike, fellesgodefinansiering, produktutviklingskompetanse innan reiselivet, klimatilpassing som

miljøteknologisatsing, Ungt Entreprenørskap sine aktivitetar og samarbeid med kommunane, regionmarknadsføring og offentlege arbeidsplassar. Nettverket har besøkt bedrifter i regionen. Joakim Systaddal, nærings- og samfunnsutviklar i Balestrand kommune, var leiar i nettverket.

Oppmålingsgruppa

Det har vore seks møte i faggruppa for landmålarane i regionen. Leiar i nettverket er Bjørn Inge Fossen, Luster kommune.

Ungdomsnettverk

Deltakrar er ungdomsarbeidarar i kommunane. Det var to møte og fokus har vore hybelbuarar psykisk helse blant ungdom, UKM-arbeidet i kommunane, erfaringsutveksling og planlegging av temadag for ungdomsarbeidarar våren 2018. Deltok på konferansen «Smerta ein ikkje ser» i Sogndal.

Leiar i nettverket er Gunnvor Haug Moen, Årdal kommune.

2.8 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

- Linda Svori, assisterande fylkeslege, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (skype)
- Helge Ulvestad, konsulent Ulvestad PRV
- Nils Petter Støyva, distriktssekretær LO Sogn og Fjordane
- Bekka Skaasheim, fylkessdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Torill Hauken-Johnstad, seniorskattejurist, Skatteetaten Skatt vest
- Arne Kringlen, Norconsult og bustadgruppa ved Ingunn Bårtveit Skjerdal og Anja Marken, trainee (Aurland), Arne Abrahamsen (Balestrand), Synne Vefring (Høyanger), Arne Lerum (Luster), Monica Lysne (Lærdal) og Trude Kristin Brekke (Vik).
- Kjell Kvåle og Nils Magne Slinde, Statens vegvesen
- Ivar Petter Grøtte, Vestlandsforsking og Jan Øhlckers, bedriftsnettverksprosjektet
- Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- Halvor Dannevig, forskingsleiar Vestlandsforsking
- Jørgen Hundseth, skogbruksjef Balestrand kommune
- Siri Ingvaldsen, fylkesbiblioteksjef og Gry Hatlelid, biblioteksjef Årdal kommune
- Kristin Ruudsveen, NVIO Indre Sogn
- Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
- Margun Thue, stadleg leiar ved Lærdal sjukehus Helse Førde
- Arve Varden, administrerande direktør Helse Førde (telefon)
- Tom Guldhav, klinikkdirktør Helse Førde
- Tor Arne Ness, styreleiar og Geir Navarsete, Vitensenteret i Sogn og Fjordane
- Ragnhild Fjærstad, dagleg leiar Sogneprodukt

2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Vurdering risiko- og sårbarheitsanalyse innan akuttmedisin, 5.2.2018
- Rapport frå evaluering av System for styrka læring «Å bygge bedre bruver mellom øyene vi sitter på...» NTNU 4.4.2018
- Entreprenøriell verktøykasse – sluttrapport 23.3.2018
- Hardanger og Sogn møter det nye fylket - Utfordringsdokument, Vidsyn rådgjeving AS, 15.12.2018

2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner:

- Omfanget av leveringspliktige posttenester - til Samferdselsdepartementet, 21.3.2018
- Regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1.4.2020 - til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Samferdselsdepartementet, 4.5.2018
- Nye oppgåver til fylkeskommunane - til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 8.5.2018
- Prosjekt prehospitalte tenester fase 1 - til Helse Førde, 30.5.2018
- Opplæringstilbodet 2019-2020 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 19.11.2018
- Overgang til NAV Vestland - til Arbeids- og sosialdepartementet, 21.11.2018

3 Rekneskap

3.1 Rekneskapoversikt

Deltakarkommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal	Rekneskap 2018	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2017
DRIFTSINNTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 096 323	-5 043 000	-5 043 000	-5 612 710
Refusjon frå staten	-323 523	0	0	-257 965
Refusjonar frå fylkeskommunen	-185	0	0	-4 500
Refusjonar frå andre/private	-15 055	0	0	-2 482
Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-185 000	-239 000	-239 000	-234 527
Refusjon fødselspengar	-108 050	0	0	0
Overføringer frå staten	-2 236 763	-1 497 000	-1 497 000	-2 620 431
Overføringer frå fylkeskommunar	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Overføring frå kommunar	-25 000	-25 000	-25 000	-30 000
Overføringer frå andre	-97 047	-471 000	-471 000	-70 000
Mva kompensasjon	-613 604	0	0	-684 577
Sum driftsinntekter	-9 200 550	-7 775 000	-7 775 000	-10 017 193
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 727 159	2 443 000	2 443 000	1 595 446
Sosiale utgifter	572 597			488 958
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	3 593 805	3 154 000	3 154 000	3 400 738
Kjøp av tenester som erstattar communal tenesteprod	9 900	0	0	787 814
Overføringer	3 046 912	2 778 000	2 778 000	2 472 847
Sum driftsutgifter	8 950 373	8 375 000	8 375 000	8 745 803
Brutto driftsresultat	-250 177	600 000	600 000	-1 271 390
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				
Renteinntekter *	-106 495			-84 000
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-106 495	0	0	-84 000
Netto driftsresultat	-356 672	600 000	600 000	-1 355 390
Avsetjing og bruk av fondr				
Bruk av bundne fond	-1 079 085	-600 000	-600 000	-1 142 519
Avsetjingar til bundne fond	1 435 757	0	0	2 497 909
Sum avsetjing og bruk av fond	356 672	-600 000	-600 000	1 355 390
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0
Oversikt over fond Sogn regionråd				
		31.12.2018		31.12.2017
Fond Sogn regionråd - diverse prosjekt	-1 156 589			-1 233 154
Fond Sogn regionråd - ungdom	-85 408			-85 408
Fond Sogn regionråd - barnevern	-17 517			-17 517
Fond Sogn regionråd - barnehage	-1 504 460			-993 485
Fond Sogn regionråd - skule	-923 297			-484 000
Fond Sogn regionråd - skule fagnettverk	-424 683			-543 439
Fond Sogn regionråd - kontigent	-799 076			-829 510
Fond Sogn regionråd-IKT	-52 104			-34 104
Fond Sogn regionråd - psykolog folkehelse	-183 848			-167 112
Fond Sogn regionråd - Læringsmiljøprosjektet	1 320 017			-1 534 599
SUM	-6 467 000			-5 922 328

3.2 Bruk av fond

Det står kr 6 467 000 på fond pr 31.12.2018.

1. Diverse prosjekt

Kr 1 156 589 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon.

2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket og er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unytta eksterne midlar mellom anna frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 1 504 460 er sett på fond.

5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 923 297 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjer kr 424 683 og er i hovudsak kontigentmidlar.

7. Kontingent

Unytta kontigentmidlar på kr 799 076 er sett på fond. Delar av sumen er renteinntekter av fondsmidlar.

8. IKT

Unytta midlar kr 52 104 er sett på fond og kan dekke medlemsskap eller gå til kurs/samling innan IKT.

9. Psykolog folkehelse

Unytta midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 183 848 er sett på fond til bruk i 2019.

10. Læringsmiljøprosjektet

Unytta midlar frå Fylkesmannen kr 1 320 017 er sett av på fond og skal gå til drift av prosjektet inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBOS).



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune